
Saknr: 2020/290-3
Saksbehandlar Vigdis Robak Bjørgo
Dato: 23.01.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesrådmannen

Utgreiing båtsamband Bergen-Sotra

Fylkesrådmannen gir med dette ei kort statusmelding om oppfølging av politisk vedtak om utgreiingsarbeidet om mogleg båtsamband mellom Bergen og Sotra.

Utgreiinga og tilrådingane i rapporten fra arbeidet, «Båtforbindelse mellom Nye Øygarden og Bergen», vart presentert for utvalet for miljø og samferdsel i møte 10.03.19 og lagt fram som referatsak 10.04.2019 (RS 30/2019). Utvalet vedtok då å sende rapporten på høyring før vidare politisk handsaming.

Grunna noko reduserte ressursar har det ikkje vore ønskja framdrift i denne saka. Vidare er det behov for noko meir tid til høyringsprosessen mot Bergen kommune.

Fylkesrådmannen vil legge fram ei politisk sak om utgreiinga og høyringsuttalane, så snart prosessen mot Bergen kommune er i vareteke.